

## Tre misjonærar på same bord på Kafe Tiaren.

09.02.2017



Tre misjonærar samla på Kafe Tiaren på tysdag, med ein samla alder på 256 år.

**Det er vel heller uvanleg å møta tre misjonærar på ein og same dag, tysdag i denne veka på Kafe Tiaren. Namna er Helgi Hrobjartsson, Margiet Hrobjartsdottir og Gunnar Kjærland. Helgi og Margiet er sysken, kjem frå Reykjavik på Island. Alle tre har vore misjonærar delvis på same tid i ulike regionar i Etiopia.**

Helgi Hrobjartsson ( 83 år ) har vore i Uskedalen før, på gjesting hos Edith og Gunnar Kjærland ( 94 år ). Helgi og Margiet vaks opp i ein syskenflokk på seks. Her finn vi mellom anna to prestar, ein lege og to misjonærar. Far deira var ein leiande person i islands misjon. Han dreiv børstefabrikk i Reykjavik og reiste seinare til Danmark og starta med det same der. Islandsmisjonen kom under same paraplyen som Norsk Luthersk Misjonssamband, det som vart skipa som Kinamisjonen i 1891. I dag reiser Helgi for Flymisjonen, ei stifting der ingen har løn, men som får støtte for det arbeidet dei gjer. Flymisjonen kjem av fly fordi det meste av all transport i Etiopia går med fly. Han er sjølv også utdanna flygar. Han reiste fyrste gong ut i 1968. Gunnar var på si fyrste reise alt i 1952.

Trass sin høge alder er Helgi i Etiopia 9 månader i året, i aktiv teneste der han har ansvaret for tilsyn og opplæring på 10 misjonsstasjonar med tilsaman 60 evangelistar og vel 200 leiarar. Kommunikasjonen går til vanleg på riksspråket Amars. I landsdelar med stammespråk vert det brukt tolk. Helgi bur til vanleg i Noreg. Mykje av friperioden vert brukt i Flymisjonen som talar på møte. Til Kvinnherad kom han frå møteveker på Nord Møre

Margiet ( 79 år ) reiste ut fyrste gong i 1957, 23 år gamal som sjukepleiar. Ho vart seinare misjonær. Margiet er i dag gift med Gunnar Kjærland. I Etiopia var alle tre på ulike plassar. Mellom Helgi og Gunnar var det ein avstand på heile 40 mil. Mellom han og systera var det ein avstand på 10 mil. Arbeidsmetoden var uansett den same. Det handlar om misjon, utdanning og helsearbeid.

Legg vi saman alderen på desse tre misjonærane, kjem vi til 256 år. Ikkje verst det.

Tekst/foto/nett: Kristian Birngedal